

## Rekordfiske i Uskedalselva.

16.01.2017



Djupehølen, ein av mange gode fiskeplassar i Uskedalselva.

**Ein større reportasje i Kvinnheringen syner at det har vore ein god fiskesesong i Uskedalselva i 2016. Det er rapportert inn heile 765,9 kilo fisk. Det er 275 kg. meir enn året før. I alt er det henta opp 297 fiskar i ulik storleik. Rett nok vart 85 av fiskane kasta på elva att. Berre ein av alle er meldt inn som oppdrettsfisk.**



[God parkering, skilting og informasjon er viktig i arbeidet med å profilera ei god fiskeelv.](#)

Leiaren i Uskedalen Elv- og grunneigarlag, Anbjørn Høvik, er godt nøgd med fangsresultatet. Uskedal elva har vore ei populær fiskeelv over lang tid. Forklaringane er mange: Uskedal elva har eit godt omdøme hjå sportsfiskarane. Prisen er låg og alle veit at elva er ei sokalla flaumelv, noko som vil sei at elva er føreseieleg etter vermeldingane. Elva har vore open for fiske utan stopp.

Fiskereglane er enkle. Overnattingstilboda er gode. Mange tek vertsskapsrollen på alvor og Elveeigarlaget er glad for tilbakemeldingar på god mottaking og informasjon. Rådgjevande biologar vart leigd inn av Lingalaks etter røminga deira. Inntrykket er at det ikkje er noko problem med rømt oppdrattslaks i Uskedal elva.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal